



Vang kommune

Vang kommune si hovudmålsetting for Tyinkrysset er å leggje til rette for at området kan utvikle seg til å bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon.

Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN
|Konsekvensutgreiing|





Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN |Konsekvensutgreiing|

Plan-ID: 2015003

Sist revidert: 05.06.2021

Framsidedfoto: Skikøyring frå Skørnsøse © Lars Østbye Hemsing

Fløgstrøndheisen – planområde H810_14

Dagens formål:	LNFR, fritidsføremål	
Foreslepte formål:	Idrettsanlegg, parkering, fritidsbebyggelse	
Eksist. bygg	Fritid: 4 hytter	

Området ligg frå E16 og opp til snaufjellet i ein nordvendt helling. Planforslaget legg opp til etablering av ny skiheis med tilhøyrande nedkøyring og parkering ved E16.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfald	Det er ikkje registrert arter av stor forvaltningsinteresse innanfor området. Trekkroute for elg og hjort.	Nøytral konsekvens.
2	Naturressursar	Området er registrert med lauvskog og ulik open mark. Det er registrert beiteområde for reinsdyr sør i området.	Liten negativ konsekvens: planforslaget legg opp til skiheis med nedfarter, samt parkering.
3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av skog og snaufjell. Planlagte tiltak vil dele området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til etablering av heistrase og rydding av skinedfart. Det kan vera naudsynt med terrengtilpassing for å sikre tilfredstillande nedfartar. Område



			for parkering og fritidsbebyggelse er i områdets nordre del – ned mot E16 – noko som avgrensar dei negative konsekvensane. Det er ikkje planlagt bebyggelse oppover(sørover) i planområdet. Det er krav om detaljregulering av område før utvikling.
4	Kulturminne og – miljø	Det er ikkje registrert kulturminner innanfor området	Nøytral konsekvens.
5	Andre miljøkonsekvensar	Samanhengande landskapsinngrep frå høg fjell til dalbotn kan føre til nye vassvegar og/eller brot på samanhengande biotopar.	Negativ konsekvens: det er krav om detaljregulering før utvikling av området. Her må konsekvensar for vassvegar og økosystem vurderast nærare.
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er råka av støysoner rundt E16. Det er ikkje planlagt større tiltak innanfor støysonane utanom parkering.	Nøytral konsekvens.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Planforslaget legg til rette for ny heistrase og parkering.	Positiv konsekvens: planforslaget legg til rette for utviding av eksisterande skitilbod i området vinterstid. Sumarstid kan parkering nyttast i samband med tur på kongevegen som går over Filefjell.
Vurdering av samfunnsikkering			
8	Flaum og ras	Det er registrert fare for snøskred innanfor området. Parkering ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred.	Negativ konsekvens: Planlagt parkering er råka av skredfare. Planforslag må avklare skredklasse og eventuelle tiltak.
Vurdering av infrastruktur			
10	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området har enkel tilkomst frå E16.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg til rette for utviklingsområde i nærleik av E16. Ny avkøyring og parkering må godkjennast av Statens Vegvesen
11	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens.
12	Transportbehov	Planforslaget legg opp til nytt skitilbod.	Liten negativ konsekvens: Nytt aktivitetstilbod kan føre til auka transportbehov. Konsekvens vert avgrensa av kollektivtilbod i nærleiken.



13	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg opp til nytt skitilbod.	Positiv konsekvens: planforslaget legg opp til auka tilbod og aktivitet i området. Dette kan føre til auka næringsutvikling og sysselsetting.
Konklusjon:			
<p>Området inneheld lite infrastruktur. Planforslaget legg opp til at området vert nytta til aukt tilbod gjennom ny skitrase og parkering. Området har kommunalt VA-nett i nærleiken og nokre eksisterande internvegar. Utvikling av området er positivt for sysselsetting og næringsutvikling, men detaljregulering må avklare naturfare, landskapstilpassing og utforming på avkøyring/parkering.</p> <p>Føresegn må sikre at tiltak får avgrensa konsekvensar for omkringliggende område, og at det vert vurdert avgrensande tiltak for tryggleik i området.</p>			